



REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMUTVALET FOR

LEDELSE, ØKONOMI, KVALITET OG DIGITALISERING I HELSE

Tid: 15. oktober, kl. 13-15

Stad: Hardbakka (rom 3F9) i Alrek/Digitalt på Teams.

Deltakrar:

Leiar: Oddvar Kaarbøe,

For HELED620 og HELVID650: Inger Lise Teig,

For HEKVAL620: Hilde Valen Wæhle,

For HELØK610: fråfall

For DIGHEL: fråfall

Sekretær: Kirsti Nordstrand

Studentrepresentant: Torun Poppe

Gjester: Kari Nyland (programsensor)

Fråfall: Trond Egil Hansen, Egil Kjerstad, Tine Nordgreen,

Vedlegg 1 – Referat fra møtet 04.06.2024

Vedlegg 2 – Økonomioversikt

Vedlegg 3 – Programsensorrapport HELVID650

Vedlegg 4 – Opptak 2024

Vedlegg 5 – Knytte DIGHEL til masterprogrammet

Vedlegg 6 – Sensorveiledning ved vurdering av masteroppgåve, inkl retningslinjer ved stryk på masteroppgåve

Vedlegg 7 – Veileidar si rolle etter innlevering av masteroppgåve

Vedlegg 8 – Oppnevning av programsensor

Vedlegg 9 – Undervisningsreker studieåret 2025/2026

Saksliste

Sak 20/2024 Godkjenning av innkalling

Vedtak: innkalling er godkjent

Sak 21/2024 Godkjenning av referat frå møte 4. juni 2024

Vedlegg 1

Vedtak: referat frå førre møte er godkjent



Sak 22/2024 Økonomi

Vedlegg 2 var ikkje sendt ved i utsendinga.

Det vart teke ein gjennomgang av budsjett for studieåret 24/25. Totalt sett ligg EVU-kursa an til å gå med underskot for studieåret på kr. 240 000. PU tek dette til orientering.

PU ber om at det vert sett opp ei sak om rekruttering og økonomi i neste møte.

Sak 23/2024 Programsensorrapport HELVID650

Vedlegg 3

Hovudpunkt frå tilbakemelding frå Programsensor, Kari Nyland:

Forslag til endringar for HELVID650:

- Samskriving på masteroppgåva (to og to studentar (kanskje også tre?))
- Korte ned tidsbruken (frå tre semester til to eller eitt?)
- Synkronisert, gruppebasert veiledningsprosess
- Plagiatkontroll undervegs?
- Vurdere behovet for munnleg eksamen

Innspel til studieprogrammet som heile:

- Det bør vere tettare kobling mellom emnene og masteroppgåve
- Det er for mange gjesteforelesarar, som gjer at det blir fragmentert
- Ha ei anbefalt rekkefølge for emnene, då vil kanskje studentane får meir «kull-følelse»
- Anbefalte tiltak for ressursutnytting:
 - o Digitale samlingar innimellom
 - o Gjenbruk (ha presentasjonar med lyd for dei sentrale tema i emnene, som førebuing til samling)
 - o Redusere antal timar med undervisning

Dette var ei orienteringssak.

PU er godt fornøgd med arbeidet som er gjort i rapporten, og vil bruke denne som grunnlag i vidare arbeid med masterprogrammet.

Sak 24/2024 Masterprogrammet, status opptak og vidare plan på sikt

- Opptak
- Arbeidsseminar vår 2025 for vidare planlegging

Oddvar sender ut «bestilling» om innspel til arbeidsseminaret i byringa av desember.

Vedtak: PU tek dette til orientering, og planlegg seminar i vårsemesteret. Kirsti sender ut forslag til tidspunkt for dette.



Sak 25/2024 Sensorveiledning generelt og ved vurdering av masteroppgåve (sensormappe), inkludert retningslinjer ved stryk på masteroppgåve

Vedlegg 5a og 5b

Endring/spesifisering i teksten: Det skal vere felles munnleg eksamen der to studentar skriv saman. Sensorane skal gje ei tilbakemelding så snart som mogleg, og seinast ei veke før munnleg dersom oppgåva er vurdert til stryk.

Vedtak: Sensorveiledninga er godkjent med desse endringane

Retningslinjene om 5 timar veiledning er godkjent, men PU vil ta opp att saka for å vurdere om det skal innførast ei avgift for denne veiledninga.

Sak 26/2024 Veileidar si rolle etter innlevering av masteroppgåve

Vedtak: Denne saka var del av sak 25/2024 i avsnittet om veileidar si rolle.

Sak 27/2024 Oppnevning av programsensor

Vedtak: PU vedtek å fremme til fakultetet at Anne Karin Lindahl blir oppnevnt som programsensor for perioden 01.01.2025-31.12.2028

Sak 28/2024 Undervisningsveker studieåret 2025/2026

Vedlegg 8

Vedtak: PU har frist til 1. desember for å komme med tilbakemeling om evt endringar. Dersom ingen endringar er planen for undervisningsveker godkjent.

Sak 29/2024 Orienteringssaker:

[Oppdatert overordna mandat for PU 19. juni 2024](#) (førre mandat var frå 2011)
[Retningslinjer for plagiatkontroll](#) – under utarbeiding ved UiB/fakultetet
PU vart henvist til å sette seg inn i lenkene som i forhold til orienteringssakene.

Sak 30/2024 Eventuelt